



DEN NORSKE KYRKJA
Kviteseid Sokneråd

Protokoll Kviteseid sokneråd

Tid: Måndag 15. desember 2025 kl. 17.00 – 19.00

Stad: Kommunehuset, Brunkebergsalen

Desse møtte: Marit Sørby, Sigrun Garvik Moen, Dagfinn Køhn, Knut Gjersund, Solveig Aabø Løfgren, Trond Fjågesund, Anne Oddny Foldøy, Sigrun Lønning Solvang (sokneprest), Jonn Foldøy i staden for Tarjei Draugedal (ordfører og kommunerepresentant), Jon Svartdal (kyrkjeverje), og 1. vara: Ida Elisabeth Nilsen Sigurdsli

Forfall: Astrid Elisabeth Breivik.

Opningsord v/ Sigrunn L. Solvang

Servering: Havreflarn og kaffi v/Jon

Oversikt over saker:

Sr-sak 46.25 Innkalling og sakliste

Sr-sak 47.25 Godkjenning av referat frå møtet 03.11.2025

Sr-sak 48.25 Økonomirapport pr. 01.11.2025

Sr-sak 49.25 Budsjett for 2026

Sr-sak 50.25 Orientering om visitasen

Sr-sak 51.25 Orientering om organistsituasjonen

Sr-sak 52.25 Eventuell forsterking av Kulturutvalet

Sr-sak 53.25 Orientering om Dual-leiing, samarbeid mellom prest og kyrkjeverje

Sr-sak 54.25 Møteplan for vårsemesteret 2026

Sakshandsaming

Sr-sak 46.25 Innkalling og sakliste

Innkalling med sakliste blei sendt ut på e-post 08.12.2025.

VEDTAK:

Innkallinga og saklista er godkjent. Samrøystes.

Sr-sak 47.25 Godkjenning av referat frå møtet 03.11.2025

Referatet er tidlegare sendt ut, det har ikkje kome tilbakemeldingar.

VEDTAK:

Referat frå møtet 03.11.2025 er godkjent. Samrøystes.

Sr-sak 48.25 Økonomirapport pr. 01.11.2025

Sjå vedlegg. Det manglar kr. 676 000 av kommunalt tilskot som kjem inn i år. Det har ikkje blitt sendt ut rekning på festeavgifter så langt i år, det vil bli gjort, og kan gje kr. 240 000 meir inntekt. Det er derfor håp om at rekneskapen kan syne mindreforbruk, særleg sidan det ikkje har vore tilsett trusopplærar eller sekretær som det var opna for i budsjettet.

VEDTAK:

Økonomirapporten er teken til vitande. Samrøystes.

Sr-sak 49.25 Budsjett for 2026

Sjå vedlegg. Budsjettet tek høgde for at kommunen dekker ein lønsauke på 3,5 %, og at ein kan tilsetta sekretær/trusopplærar i 50% stilling. Det er ikkje utarbeidd nytt investeringsbudsjett for 2026, men tidlegare vedteken investeringsplan for 2026 og 2027 ligg ved.

VEDTAK:

Driftsbudsjettet for 2026 er vedteke som det ligg føre. Nytt investeringsbudsjett blir utarbeidd til neste møte. Samrøystes.

Sr-sak 50.25 Orientering om visitasen

Førebels program for visitasen ligg ved.

VEDTAK:

Orienteringa er teken til vitande. Samrøystes.

Sr-sak 51.25 Orientering om organistsituasjonen

Styreleiar og kyrkjeverja orienterer.

VEDTAK:

Orienteringa er teken til vitande. Samrøystes.

Sr-sak 52.25 Eventuell forsterking av Kulturutvalet

I sak 41.25 blei det vedteke å spørja Jan Haugen om å gå inn i Kulturutvalet frå 3. november fram til neste møte på nyåret. Han svara ja til det. I denne saka drøftar Soknerådet om denne forsterkinga av Kulturutvalet skal vera permanent, eller andre løysingar.

VEDTAK:

Jan Haugen blir spurt om å halde fram i Kulturutvalet fram til organisten går aktivt inn att i utvalet. Samrøystes.

Sr-sak 53.25 Orientering om Dual-leiing, samarbeid mellom prest og kyrkjeverje

Sjå vedlegg. Sokneprest og kyrkjeverje orienterer.

VEDTAK:

Orienteringa er teken til vitande. Samrøystes.

Sr-sak 54.25 Møteplan for vårsemesteret 2026

Kyrkjeverja foreslår måndagane 26. januar, 2. mars, 20. april og 1. juni. Det er påske, visitas og kyrkjeverja sine lenge sidan bestilte to-vekers turar i mars og juni som påverkar val av datoar.

VEDTAK:

Møta for vårsemesteret blir haldne måndag 26. januar, måndag 2. mars, onsdag 15. april og onsdag 3. juni. Samrøystes.

Referent: Jon Svartdal

